



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3027 - 16/29140

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

18.10.2016

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 212/127 Eikanger øvre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.09.16.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Vahaugen/planid.: 1263-24062004. Og ligg i område Felt B6 det ligg regulert byggegrense mot privat køyreveg i reguleringsplanen, men det er ikkje regulert byggegrense mot E39 korkje i planføresegn eller synt på plankartet, etablering av tiltak på eigedomen nærare vegmidte E39 enn 50 meter krev at det vert søkt Statens vegvesen om dispensasjon frå veglova § 29.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må dokumenterast at eigedomen har naudsynte rettar med omsyn til bruk av eksisterande privat vatn- og avlaupsleiding fram til kommunalt leidningsnett.
2. Det må dokumenterast rett til bruk av privat køyreveg fram til eigedomen.
3. Det må erklærast ansvar for PRO arkitektur, samt leverast oppdatert gjennomføringsplan.
4. Det må leverast inn ei skildring med omsyn til støy.
5. Det må søkjast Statens vegvesen om dispesasjon frå 50 meters byggegrense mot E39 jf. veglova § 29.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magnus Helgesen

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ